



Nynorsk mediesenter

Status per 26.06.07



Nynorsk mediesenter vert modell

- Vi tenkjer å utdanne fleirkulturelle journalistar sjølve, etter inspirasjon frå Nynorsk mediesenter, sa kringkastingsjef Hans-Tore Bjerkaas på junimøtet i Kringkastingsrådet. Prosjektet for å få fleire fleirkulturelle journalistar i media vert lagt til Østlandssendinga, som husar innvandrarredaksjonen i NRK.
- Vi deler gjerne røynslene våre med dette tiltaket, seier Magni Øvrebotten.

NRK Sogn og Fjordane hadde nynorsk som spisskompetanse, og var såleis ein naturleg stad for eit hopehav med Nynorsk mediesenter. Østlandssendinga har innvandrarredaksjonen, og begge er distriktskontor der praktikantane kan få praksis og trening i både radio, fjernsyn og Internett.

Sjuande kullet

I samband med utlysinga av sjuande kullet med nynorskpraktikantar lyste vi etter fleirkulturelle nynorskbrukarar. - Det søkte ingen denne gongen, men før eller seinare skal vi få tak i representantar for dei òg. Målet er fleire fleirkulturelle mediefolk, samt å syne at det finst fleirkulturelle som brukar nynorsk, seier Magni Øvrebotten.



Dette er det sjuande kullet med nynorskpraktikantar som byrjar 3.september 2007. Frå venstre Eva Marie Felde, frå Breim i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp Aardal, frå Namdalseid i Nord-Trøndelag, Håvard Tvedte frå Stord i Hordaland, Ingunn Viken frå Ona i Møre og Romsdal og Ivar Folkedal, frå Ål i Hallingdal.

Eva Marie **Felde** (25 år) kjem hit rett frå London School of Economics and Political Science, der ho for tida skriv på masteroppgåva si. Eline Buvarp **Aardal** (22 år) er nett ferdig med bachelorgrad i statsvitskap ved NTNU i Trondheim, med fordjuping i tysk og statsvitskap. Håvard **Tvedte** (26 år) er ferdig med bachelorgrad ved Bibliotek – og informasjonsstudia på Høgskulen i Oslo denne våren. Ingunn **Viken** (27 år) har bachelorgrad i Asiatiske og Afrikanske studiar ved Universitetet i Oslo, og arbeider for tida som assistent ved Oksval barnehage. Ivar **Folkedal** (23 år) har nyleg teke bachelorgrad i medievitskap ved Universitetet i Bergen.

30 nynorskpraktikantar – 27 i media

29. juni er sjetted kullet med nynorskpraktikantar ferdig med ekstern praksis og må syte seg sjølve med vidare arbeid. Nynorsk mediesenter har vore i drift sidan hausten 2004, og vi har til denne tid sendt frå oss 30 nynorskpraktikantar. 27 av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. Storparten er i NRK som vikarar og tilkallingsvikarar. To har fått fast arbeid i NRK, fem har fast arbeid utanfor. Lenger bak finn du fleire detaljar om kvar nynorskpraktikantane har vorte av.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007.



Jentene på sjette kullet. Frå venstre: Gunhild Sølvberg, Yngvill Kolset Haga, Mona Vetrhus, Ragnhild Bjørge og Inger Synnøve Tveito.

Gunhild Sølvberg har praksis i NRK Utanriks og oppsummerar slik :

- *Praksisperioden nærmar seg slutten, det har gått fort! Har hatt ein kombinasjon av innanriks- og utanriksvakter, og i juli og august skal eg jobbe for nrk.no.*

Gunhild Sølvberg, fødd 1978, er frå Førde i Sogn og Fjordane. Ho har mastergrad i økonomi og administrasjon frå Norges Handelshøgskule i Bergen.

Yngvill Kolset Haga har ekstern praksis i nyhenderedaksjonen til TV2 i Oslo. Her er hennar status: - *Etter den store TV 2-desken i Oslo, bærer det heimover til NRK sitt distriktskontor på Steinkjer. Der blir eg til 17.august og jobbar med radio. Når det gjeld lenger fram i tid er førebels alt ope då eg søker på forskjellige jobbar.*

Yngvill Kolset Haga, fødd 1980, er frå Verdal i Nord-Trøndelag. Ho har vakse opp i Oslo, Verdal og New York, og gjekk som vaksen over til å bruke nynorsk som hovudmål. Yngvill er utdanna produsent frå Den norske filmskulen på Lillehammer.

Mona Vetrhus har praksis i barne- og ungdomsavdelinga i NRK. - *Har jobba i Lørdagsbarnetimen og barnetimen som reporter, og i NRK Super Barn som programleiar i mai og juni. I sommar skal eg jobba i Kulturnytt, og så håper eg på å få fortsetja på Marienlyst til hausten.*

Mona Vetrhus, fødd 1975, kjem frå Uskedalen i Hordaland. Ho har litt att på ein mastergrad i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen.

Ragnhild Bjørge har praksis i NRK Dagsnytt og hadde fått seg sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane før ho reiste frå Førde : - *Eg arbeider med å få dei store framtidsplanane på plass, medan dei små, dvs juli, august og september er klare. Eg skal jobba i NRK Sogn og Fjordane og i NRK Hordaland i sommar. No har eg søkt fleire jobbar i NRK og vonleg er snart resten av året i boks også.*

Ragnhild Bjørge, fødd 1977, frå Klokkekarvik i Hordaland. Har mastergrad i nynorsk skriftkultur frå Høgskulen i Volda.

Inger Synnøve Tveito har praksis i innanriks – og i Nyhendekanalene, TV2 i Bergen : - *Det har tatt ei tid å koma inn i dansen i TV 2 Nyheitene. Men, når ein fyrst har funne ut korleis alt i produksjonen heng saman, kan ein konsentrere seg meir om det som skal lagast, nemleg nyheiter. Kunne godt tenkt meg å halde fram å jobbe i tv med det same, men til hausten ber det attende til skulebenken med vidare russisk. Eg er overtydd om at eg kjem til å prøve meg på nyhende-jobbing igjen om ikkje så lenge. Sit igjen med ei god kjensle etter praksisen, ikkje berre pga. det eg har fått gjort, men òg etter alle dei flotte folka eg har møtt.*

Inger Synnøve Tveito, fødd 1985, Kviteseid i Telemark. Ho har studert russisk i 1,5 år ved Høgskulen i Finnmark.

Tre nye praksisredaksjonar

Tre av fem i det sjettede kullet har hatt praksis i nye redaksjonar for Nynorsk mediesenter. Vi hadde hatt praktikantar i NRK Dagsnytt og i TV2-nyhenda i Bergen før, men ikkje i NRK Utanriks, barne- og ungdomsredaksjonen i NRK og TV2-nyhenda i Oslo. Her er tilbakemeldingane frå redaksjonsleiinga :

Gunnar Myklebust, sjef for NRK Utanriks :

- *For utanriksredaksjonen har samarbeidet med Nynorsk mediesenter denne forsommaren vore svært nyttig. Vi har hatt hospitantar før, men det er blitt nærast som pynt - med tvilsam nytte for hospitanten ut over det å sjå korleis nyhetsmaskinen NRK fungerer. Frå Førde fekk vi ein godt vatna journalistspire som kjente mykje av verktøyet vi i dag bruker, og som var i stand til å gå inn i produksjonen på det nivået som krevst. Det likte vi.*

Nina Ramberg, gruppeleiar for Barnetimen for dei minste, Laurdagsbarnetimen og NRK Super:

- *Vi har vært veldig fornøyd med vår nynorskpraktikant. Hun har levert reportasjer til Barnetimen for de minste og Lørdagsbarnetimen, og har også fått prøve seg som programleder i NRK Super (vår dab-kanal). Hun har et godt språk, en fin radiostemme og en nydelig dialekt. Nynorskpraktikanten har i det hele tatt fungert veldig godt hos oss, og har laget flere fine reportasjer. Et lite problem har vært målet til skolen om å få inn mest mulig dialekt i programmene våre. Det er problematisk når du skal jobbe som reporter. Oppgaven til våre reportere er å få fram intervjuobjektet.. Det er fint med dialekt i NRK, men ikke når det går på bekostning av fokus og innhold. Når det er sagt tar vi gjerne imot nynorskpraktikanter igjen, vi har hatt stor glede av praktikanten vi har hatt og håper også hun har lært noe av å være hos oss.*

Sigmunn Hebnes, redaksjonssjef TV2-nyhenda i Oslo :

- *TV 2-nyhetene i Oslo har i år for første gong hatt ein praktikant frå Nynorsk Mediesenter. Praktikanten kunne frå dag ein gå ut i verda og lage reportasje, for ho kunne verktøyet vi brukar på tv-nyhetene. Ho hadde ikkje behov for opplæring til å spike, dette gjekk også bra frå dag ein pga førehandskunnskapen hennar og den opplæringa ho har hatt i Førde. I det store og heile ei veldig positiv oppleving å ha denne praktikanten hos TV 2-nyhetene i Oslo.*

Gjesteførelesarane våren 2007



- *Var eg i utdanningsalderen, ville eg gjort alt for å få eit halvår ved Nynorsk mediesenter. Med studentar som dei eg underviste i Førde, forstår eg godt at dei fleste får tilbod om arbeid i mediene etter denne utdanninga.*

Det sa journalist og programleiar Astrid **Brekken** etter å ha vore gjesteførelesar for sjettede kullet. Ho var invitert hit for å snakke om den gode samtalen har noko framtid i radio, og var ein av elleve gjesteførelesarar denne våren.

Nynorskkonsulent Jon Peder **Vestad** ved Høgskulen i Volda, direktør Ottar **Grepstad** ved Nynorsk kultursentrum i Ørsta og Jan Olav **Fretland**, 1.amanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, er dei tre faste førelesarane om nynorsk. Vestad tek føre seg språkreglar og nynorsk i NRK, Grepstad syner rundt på Aasantunet og fortel om historia og folka bak språket vårt, og Fretland førelese om "Tal dialekt – skriv nynorsk, om dialekt og normering".

Den fjerde faste gjesteførelesaren er banksjef Arve **Sandal** i Sparebanken Sogn og Fjordane. Han gjev praktikantane ei innføring i Sogn og Fjordane med det same dei kjem, fordi det er her dei skal prøve seg som journalistar fyrst. Jorid **Løvbakk**, som NRK brukar som logoped, har lært alle nynorskpraktikantane om stemmebruk og stemmepleie.

Våren 2007 har elles desse vore gjesteførelesarar : Tore **Andresen** i NRK Kompetanse førelse om TV-kommentaren og Tord **Nedrelid** ved Institutt for journalistikk om "Nett-journalistikk".



PFU-leiar Odd **Isungset** (bilete) frå TV2 tok for seg presseetikk med utgangspunkt i aktuelle saker i PFU, Kari **Sørbø** i "Her og No" snakka om "Den engasjerte journalisten" og utanriksjournalist Sonja **Skeistrand** i TV2 fortalde om korleis det er å vere ung utanriksjournalist.

Utmerkingar til tidlegare praktikantar

Målpris til Sæterbakk



Inger Johanne Sæterbakk fekk Alf Helleviks målpris på årsmøte i Det Norske Samlaget i april. Prisen er på 10.000 kr. Juryen si grunngjeving lydde slik : *Sæterbakk brukar ein ledig, men normfast nynorsk, og har ei fin munnleg framføring, bygt på eit gjenkjenneleg nordnorsk dialektgrunnlag.*

Jury for prisen var : NRK-journalist Ingolf Håkon Teigene, professor ved Universitet i Tromsø, Tove Bull og nyhenderedaktør i Kanal24, Audhild Gregoriusdotter Rotevatn.

Inger Johanne Sæterbakk arbeider som kulturjournalist for NRK Kultur og NRK Troms og Finnmark.. Ho gjekk på det fyrste kullet med nynorskpraktikantar.

Stipend til Aanestad

Ingrid Z. Aanestad har fått 50.000 kroner i etableringsstipend frå Statens kunstnarstipend. Ho debuterte i fjor med romanen "I dag er ein fin dag" og går no på forfattarstudiet ved Universitet i Gøteborg. Aanestad gjekk på det fjerde kullet med nynorskpraktikantar, og er vikar i Kulturnett i NRK P2.



Nominerte til Prix Radio



Maria Rivedal (til venstre) og Eli Vaage er nominerte til den interne NRK-kåringa Prix Radio for 2007. Begge to arbeider i NRK P3. Maria er, saman med Siri Narverud Moen, nominert i kategorien "radioprogram" for "Musikkmisjonen spesial". Eli Vaage er nominert i kategorien "anker" for innsatsen sin i P3 Nyheiter. Maria Rivedal gjekk på det første kullet ved Nynorsk mediesenter, Eli Vaage på det andre. Prix Radio blir delte ut under Radiodagane 20. og 21.september.

Kursverksemda "Munn og mæle"


Auka etterspurnad etter kurs



- Kursverksemda Munn og mæle opplever no at kundane tek kontakt med oss i større grad enn tidlegare. Tilbodet er etablert og har gode skussmål. Det har også auka på med kundar utanfor Sogn og Fjordane, då mest i område der folk nyttar nynorsk. Vi har etterkvart fått faste kundar som kjem att år etter år, og spesielt tilbodet om medietrening er populært, seier Wenche Eikum, som er hyra i 60 % stilling for å lage, halde og selge kurs. Ho fortel òg at interessa for språkkurs i nynorsk er aukande. Mange opplever å ha bokmål som hovudmål, men må skrive nynorsk i arbeidssituasjonen. Desse etterlyser kurs i nynorsk, noko vi no kan tilby.

- Hausten er ei populær kurstid, og november månad er snart vekkinga. Folk bør vere ute i god tid dersom dei ynskjer kurs til bestemte datoar. Kursa kan anten haldast i lokala til dei som kjøper kursa, eller i lokala til Nynorsk mediesenter i Førde. Kundegruppa vår spreier seg mellom privat og offentleg verksemd, med hovudtyngd til no på det offentlege, seier Eikum.

Tilbakemeldingar på kurs




Midt i juni hadde Wenche Eikum kurs i skiving for Internett med 22 tilsette hjå Fylkesmannen i Rogaland. Her er litt av tilbakemeldinga frå ein av deltakarane :

- Nyttig og lærerikt kurs! Annen og mer folkelig vinkling på overskrifter og ingress uten å gå tabloidene i næringen. Kursholder Wenche har stor kunnskap om vår del av offentlig forvaltning – og forståelse for aktuelle problemstillinger vi måtte stri med.

Denne våren har vi hatt fleire dagskurs i medietrening for tilsette i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ein av dei var rektor Odd **Standal**, Flora vidaregåande skule :

- På deltakarane sine vegne takkar eg Munn og mæle for denne dagen : Godt budde og trygge fagfolk. Vi fekk tillit til dykk frå første stund. Det vanskelege vart lettare og vi hadde med oss noko heimatt. Takk skal de ha.



LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane er mellom dei faste kundane våre. Dei samlar tillitsvalde frå ulike yrkesgrupper til kurs i medietrening to gonger i året. Dette er den siste tilbakemeldinga frå distriktssekretær Birgit **Stav** : - *Dette kurset er svært nyttig trening for tillitsvalgte som skal fremme medlemmenes og fagforeningas saker i media.*

Nynorskpris for journalistar

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar går i 2007 til leiar for politisk avdeling i Dagsavisen, Kjell-Erik **Kallset**. - Han får prisen for å ha kjempa seg til å skrive nynorsk i avisa, og for kommentarar med stilsikker og fargerik nynorsk. Det seier leiaren for juryen Gry Molvær. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk, og vert delt ut under Dei Nynorske Festspela i Ørsta 28. juni.

Kjell-Erik Kallset (1967) kjem frå Tingvoll på Nordmøre. Han byrja i Arbeiderbladet (no Dagsavisen) 1997 og var den fyrste tilsette som fekk skrive nynorsk i avisa.



- Då eg begynte i avisa for ti år sida, fekk eg beskjed om at eg *aldri* kom til å få skrive nynorsk der. Men da Hilde Haugsgjerd vart redaktør nokre år seinare, ba eg om å få lov til å skrive kommentarar på nynorsk. Det var kontroversielt, men redaktøren gav meg lov, og seinare har fleire journalistar i Dagsavisen nytta nynorsk, seier Kallset.

Han har fått mange reaksjonar på språket sitt, men dei negative reaksjonane kjem når han skriv bokmål. - Det eg veit har Dagsavisen ikkje fått negative reaksjonar på at spaltene er opna for nynorsk. Når andre redaktørar ikkje tillet bruk av nynorsk, har dei ein ugrunna frykt for marknaden, for å miste lesarar. Eg tykkjer det er viktig at journalistar tek debatten om nynorsk med redaktørane sine. Norske redaktørar er høge og mørke når det gjeld ytringsfridomen og rettane til einskildindividet, men ikkje når deira eigne journalistar ber om å få skrive nynorsk. Det er eit stort paradoks for meg, seier Kallset.



- Kjell-Erik Kallset fyller alle kriteria og skal nynorsken vinne fram i den trykte pressa er han avhengig av folk som Kallset, seier juryeleiar Gry **Molvær** (til høgre på bilete). Med seg i juryen har ho sjefredaktør Tom **Hetland** i Stavanger Aftenblad og forfattar Olaug **Nilssen**. Magni Øvrebotten er sekretær for juryen, sidan prisen vart oppretta i samband med opninga av Nynorsk mediesenter.

Føremålet med Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media, og årleg ære ein dyktig journalist som er eit føredøme for andre. Prisen går til ein journalist som har utmerka seg med bruk av levande og god nynorsk i media, og som gjennom arbeidet sitt har gjeve nynorsken status og innpass på nye område. Alle har høve til å føreslå kandidatar. Prisen vert lyst ut i mange region- og riksaviser med 1.april som frist for å kome med framlegg. NRK-journalist Linda Eide var den fyrste som fekk prisen.



Ytringsfridom - berre på bokmål ?

Dette er emnet for debatten i samband med utdelinga av Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar.

I panelet sit prisvinnar Kjell-Erik **Kallset**, politisk redaktør i Verdens Gang, Olav **Versto**, debattredaktør i Bergens Tidende, Hilde **Sandvik** og nyhenderedaktør i Sunnmørsposten, Jan Erik **Røsvik**. Kari **Sørbo** (bilete) er ordstyrar. Ho er kjend som ein dyktig og myndig programleiar for "Her og no" i NRK P1 gjennom mange år.

Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

27 av 30 er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tettpakka opplæringa. Per juli 2007 har vi sendt frå oss 30 nynorskpraktikantar sidan starten hausten 2004, og 27 av dei har heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fleire studerer i tillegg til arbeidet.

To av nynorskpraktikantane har så langt fått fast arbeid i NRK, fem har fått det utanfor NRK. Dei fleste er faste vikarar eller tilkallingsvikarar i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Nitimen, Frukosttv, P3-nyhenda, Osenbanden i P3, Kulturavdelinga i NRK P2, ved åtte distriktskontor og ein av dei vert mellom programleiarane for den nye barnekanalen NRK Super.

Det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etter avslutta opplæring, og vi ynskjer å rekruttere journalistar også til andre medieverksemdar enn NRK. Her ser du kvar det har vorte av nynorskpraktikantane frå dei fem fyrste kulla :

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007.



Frå venstre Bjarte Vik, Marianne Feste, Gøril Furu, Ingrid Hognaland og Vidar Eidhammer.

Bjarte Vik (1986) har vore lærarvikar sidan han slutta som nynorskpraktikant, skal studere.

Marianne Feste (1981) har vore vikar i NRK Hordaland sidan ho var der i praksis.

Gøril Furu (1984) er sommarvikar i Petre nyhenda i Trondheim, og skal studere til hausten.

Ingrid Hognaland (1986) har vore tilkallingsvikar/sommarvikar ved lokalkontoret til NRK i Haugesund. Frå 6.august er ho fast tilsett som journalist i Tysvær Bygdeblad.

Vidar Eidhammer (1984) er tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt og Alltid Nyheiter, og skal studere til hausten.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Frå venstre Asgeir Reksnes, Bergit Sønstebø Svendseid, Erlend Błaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.

Asgeir Reksnes (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane, ved lokalkontoret i Nordfjord.

Bergit Sønstebø Svendseid (1984) er fast tilsett som nettkonsulent i Kirkens Nødhjelp.

Erlend Błaalid Oldeide (1984) er vikar i NRK Nordland. Han er tilsett i fast stilling som journalist i NRK Sogn og Fjordane frå hausten av.

Ingrid Aanestad (1983) er tilkallingsvikar i kulturavdelinga i NRK P2 og student ved det nordiske forfattarstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg. I sommar arbeider ho i KulturNett.

Øystein Windstad (1983) har vore tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal sidan han var der i praksis, No er han sommarvikar i NRK Trøndelag.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Frå venstre Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

Håvard Hamnaberg (1978) er fast tilsett som nettjournalist i firmaet Point Carbon, som har ein nettstad for analyse for kjøp og sal av Co2-kvotar i EU-systemet. Der skriv han engelsk.

Karoline Kalstveit (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer miljø- og ressursfag ved Universitetet i Bergen.

Gisle Forland (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

Marita Haugo (1982) er tilsett i 50 % vikariat som produsent i NRK i Drammen, der ho er tilkallingsvikar i tillegg.

Sølve Rydland (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Frå venstre Solveig Hareide, Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsén Horne og Janne-Marit Myklebust

Solveig Hareide (1983) er nett plukka ut som ein av programleiarane for den nye barnekanalen NRK Super. I sommar skal ho vere programleiar for "Somarmorgon" frå Tromsø.

Eli Vaage (1984) er vikar i P3-nyhenda i Trondheim, som vakt sjef, reporter og meldingslesar.

Ingebjørg Bø (1977) er fast tilsett som journalist i Telemarksavisa (TA), ved lokalkontoret i Bø.

Birte Njøsén Horne (1984) er vikar i Nitimen og fleirmedial medarbeidarar i Frukostfjernsynet.

Janne-Marit Myklebust (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Frå venstre Eli Bjelland, Knut Åge Teigen, Svein Ove Hansli, Maria Rivedal og Inger Johanne Sæterbakk.

Eli Bjelland (1981) er meldingslesar og tilkallingsvikar i NRK Dagsnytt.

Knut Åge Teigen (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og i GAN forlag. Han arbeider mellom anna med ein serie undervisningsfilmar om nynorsk som sidemål i grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet : www.skoleipraksis.no

Svein Ove Hansli (1976) er fast tilsett i NRK og arbeider i Dagsrevyen og Dagsnytt.

Maria Rivedal (1981) er vikar i NRK P3, og er no vaksjef og produsent for "Osenbanden".

Inger Johanne Sæterbakk, (1981) er kulturjournalist for Kulturnytt i P2 og NRK Troms og Finnmark.

Visjon og verdier

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunnsdebatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere **dyktig** for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under "Statusrapportar".

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

